

VEKEPLAN 7. TRINN

VEKE: 51

INFORMASJON TIL HEIMEN: - Skulen si heimeside:

www.minskole.no/froyland

Vi har gjort endringar på tre-delings gruppene. Elevane har fått kvar sin timeplan og oversikt på gruppene, men det vil også bli lagt ut på skulen si heimeside.

Julegudsteneste. Tysdag 16. Desember skal skulen på julegudsteneste. Om ein ikkje samtykke til at elevane skal vera med i gudsteneste kan ein endra det i Visma Flyt Skole. Skulen vil gje eit alternativt og likeverdig tilbod for dei elevane som ikkje skal vera med så lenge me får beskjed om kven som ikkje skal vera med.

Elevane vil og i år ha høve til å levera julegåver til barn i Ukraina. Det kan f.eks være klede(som er reine og heile), sko eller leiker som ein ikkje treng meir. Skriv på pakken kjønn og alder som innhaldet i pakken passer til. Vi samlar inn pakkane i kyrkja på julegudstenesta.

Aktivitetsdag. Torsdag 18. Desember er det stikkbball- og fotballturnering på tvers av trinn heile dagen. Elevane må passe på å ha med vanlig mat og drikk for denne dagen. Ha gjerne med ein ekstra flaske vatn og godt humør! Elevane får med seg eit eige skriv me informasjon om kva dei treng og kva farge dei må kle seg.

Siste skuledag før Jul. Elevane kan ha med seg ein valfri chips og ein 0,5l leskedrikk. Skuledagen sluttar 11:00.

Alle elevane har gym siste økt måndagar og torsdagar. Dei treng då gymklede, innegymsko og strikk/pannebånd til håret for dei som har langt hår. Dei som ønskjer å dusje på skulen treng å ta med handkle og såpe.

Minner om at elevane treng innesko som dei kan ha på skulen, dette er ikkje innegymsko. Dette fordi vi beveger oss mykje mellom dei forskjellige bygga på skulen i løpet av skulekvardagen.

Bruk "Visma flyt skole" for å sende melding om fråvær eller andre beskjeder. De kan sjølvsagt skrive meldingar til oss når de vil, men de kan ikkje forvente svar frå oss utanom kontortida vår. Den er slik: **Måndag, Tysdag og Torsdag:** kl. 08:10-15.15. **Onsdag:** kl. 08.10-14.15. **Fredag:** kl. 08.10-13.00.

Vi ønsker ikkje å bli kontakta på private telefoner. Telefonnummeret til kontoret vårt er 51 77 65 13.

Fag:	MÅL FOR VEKA
Norsk	Eg kan lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi eigne standpunkt i samtalar.
Matematikk	Eg kan gjennomføre eigen statistisk undersøking og bruke formålstenlege diagram, tabell og sentralmål.
Engelsk	Eg kan skildre ein karakter på engelsk.
Naturfag	Eg kan utforske elektriske og magnetiske krefter.

Samfunnsfag	Eg veit kva eg kan dele på nett og ikkje.
Sosialt mål	Respekt: Det er når vi viser omsorg til oss sjølv, andre, ting og de som bestemmer.

VEKELEKSE TIL:		HUGS:
TORSDAG	Julebingo: Sjå kor mange ruter på bingobrettet du greier å krysse av i løpet av veka. Du finn bingobrettet på Showbie->Norsk->Lekser.	